

Nærings- og Fiskeridepartementet  
Postboks 8118 Dep  
N-0032 Oslo  
postmottak@nfd.dep.no

**HØRINGSSVAR – FORSLAG OM Å OPNE FOR AT FARTY MED VASSILDTRÅLLØYVE KAN FISKE POLARTORSK**

Me viser til høringsbrev av 24.9.15.

Pelagisk Forening meiner at det er prisverdig at styresmaktene ynskjer å opna for berekraftig fiske på artar som ikkje har vore utnytta kommersielt tidlegar.

Pelagisk Forening er likevel undrande til at dette fisket berre skal bli mogeleg for farty med løyve til å fiska vassild.

Som kjent er skjer vassildfisket langs Eggakanten utanfor Midt-Noreg, medan polartorsken lever i Barentshavet. Det er såleis ingen naturleg samanheng mellom desse fiskeria.

Det er òg mange inaktive vassildløyve, og det er underleg at inaktive løyve skal kvalifisera til nye løyve

Pelagisk Forening meiner difor at polartorskløve må delast ut på eit anna grunnlag, og at departementet bør gjera ei betre utgreiing og gje ei betre grunngjeving før nye løyve blir gjeve.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller eitkvart er uklårt.

Bergen:. 4.1.2016

Med vennleg helsing  
Pelagisk Forening

  
Ask Økland  
Advokat